



Kåre Nes
Nernesvegen 34
5632 OMASTRAND

Dato: 01.06.2015
Vår ref.: 2014/19667-98
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Gamleløa på Nes - gnr 140 bnr 3 - Kvam - Tilskot til vern og vøling av kulturminne 2015

Det vert vist til dykkar søknad av 01.12.2014 til Hordaland fylkeskommune, om tilskot til vern og vøling av kulturminne.

Hordaland fylkeskommune, Kultur og ressursutvalet handsama saka på møte den 13.05.2015, sak 76/15, og gjorde vedtak om å tildele dykk **kr 50.000,-** i tilskot.

Grunngjeving

For 2015 var det 51 søknader og kr 891.000,- til fordeling. Samla søknadssum var kr 9.378.523.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritera mellom kvalifiserte søkjarar slik at nokre fekk avslag medan andre vart tildelt deler av summen det vart søkt om. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria for skjønnsutøving som er fastsett i vedtekne retningsliner for ordninga.

Ved avgjerda av dykkar sak er det lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Søknaden fyller vilkåra som går fram av dei vedtekne retningslinene for ordninga og kultur- og ressursutvalet har etter ei samla vurdering funne grunnlag for å prioritere dykkar tiltak.

Tidsavgrensing

Tilskotet gjeld tildelingsåret og det påfølgande år. Tiltakshavar skal rapportere om status for tiltaket innan 31. desember i tildelingsåret

Utbetaling

Det utførte arbeidet skal godkjennast av fylkeskonservator for utbetaling. Søkjar må senda oss rekneskapsoversikt med kopiar av bilag tilsvarande ein sum minst så stort som tilskotet.

Tilskotsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Føresetnader for tilskotet

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med omtalen av føremål, innhald og framdrift samt kostnads- og finansieringsplan slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.)
- Tilskotsmottakar gjennomfører rapportering, leverer rekneskap og medverkar til kontroll som nemnt under.

Rapportering og kontroll

Tilskotsmottakar skal varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar i høve til søknaden. Det er ein

føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Eigar skal rapportera 1. oktober og endeleg rapport må innleverast 15. november. Rapporten skal innehalda:

- Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket.
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering
- Dokumentasjon i form av foto e.l.

Administrasjonen kan gje utsetjing frå kravet om frist for innlevering av sluttrapport ved særlege høve.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn.

Misleghald

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført, skal midlane først attende til fylkeskommunen. Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden, kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis.

Dersom tiltaket ikkje let seg gjennomføre innan tidsfristen grunna uføresette tilfelle, som til dømes sjukdom, kan fylkeskommunen overføre pengane til vedkommande kommune. Føresetnaden er at kommunen tek på seg ansvaret for gjennomføringa av prosjektet. Vert prosjektet likevel ikkje gjennomført, skal pengane først attende til fylkeskommunen.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagemynde er Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune. Klaga skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klaga må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter forvaltningslova har rett til å gjera Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi legg ved skjema **Aksept for vilkår av tilskot** som **må** returnerast Kultur- og idrettsavdelinga seinast **4 veker** etter at dette brevet er motteke.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen

Vedlegg:
Retningsliner for tilskot til vern og vøling av faste kulturminne
Aksept for vilkår av tilskot

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.